

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1976

Namnet på vatnet Storamos  
Kommune ..... Tjøme / Hå

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet  
og skriving av meldinga, er utført av Rogal-  
land Skogselskap v/ E. Berg etter retnings-  
liner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten  
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind  
Vasshaug.

## S T O R A M O S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foretken den 21. april 1976.

Vatnet ligg i Time og Hå kommunar, nærmare stadfest sør for Undheim, og med Kartavoll i aust og Obrestadheia i sør.

Arealet er omlag 150 ha og h.o.h. 233 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamtover eit grunt vatn, sjølv om det nok einskilte stader vil finnast djupare partier. Stranda består for det meste av stein og grus som går over til gjørmebotn mot djupet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Då vatnet har vore regulert, er det ein sparsam vegetasjon i strandsona. Ein del algevekst vil ein likevel finna, og på einskilte dagar om sumaren vil det vera ei kraftig oppblomstring av alger. Nedslagsfeltet femner om mykje snaumark, der røslyngen dominerer, men her er også mykje dyrka mark og kulturbeiter.

Større og mindre bekketilsig fell inn ymse stader og tilsiget frå Holmavatnet er sikkert det mest stabile og største.

Avlaupet renn ut i nord-aust til "Litlamos" og vidare "Stormyråna" om Undheim til Taksdalsvatnet og Hå-elva.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 3.0 m og fargen på vatnet gullig-brun som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 7.2 ute på vatnet og dette er heilt ideelt for aure og røyr. Vidare var pH 7.4 i bekken frå Teinehålene, 6.4 i bekken frå Stormosheia og 6.3 i Varabekken.

Kalkinnhaldet (CaO) er 2.5 mg/l og den totale hardheita 5.5 mg/l. Dette er bra samanlikna med andre analyserte vatn og ein vil unngå store svingningar i pH gjennom året.

Elektrisk leiingsemne  $K_{18} = 49.6$ .

Gjennomstremminga er normalt liten.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 48 fjærmygglarver, 8 muslingar, 3 fåbørste-

mark og 2 iglar - i alt 610 individ pr.  $m^2$ ,  
5,0 meteren gav som resultat 12 fjærmygglarver, 2 iglar og  
2 muslingar - samla 160 individ pr.  $m^2$ .  
For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det  
tidspunkt analysen vart foretken, tok vi mageprøver av 4 fiskar  
og her vart det funne buksvømmere, vannkalvlarver, vårfugelarver,  
fjærmygglarver, fåbørstemark, muslingar, hoppekreps og stingsild -  
ein ganske allsidig meny.

#### Fjæreplukk.

På steinane i ein av tilsigsbekkene vart det funne store mengder  
med vårfugelarver og vidare var ein del damsneglar å sjå.

#### Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, og eit vertikaltrekk  
på 10,0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast  
som medels rike.

#### Fisk m.v.



Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferksvassaure, røyr,  
stingsild og ål. Røyra er dominarande.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter  
1 fangstnatt vart 17 aurar og 50 røyr.

Fordeler vi heile fangsten på omfara får vi denne grafiske fram-  
syninga:



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne bli sjåande ut som synt nedanfor.




Det vart teke prøver av dei 17 aurane vi fekk og av desse var 6 hanfiskar og 11 hofiskar.  
3 av fiskane var lys røde - dei andre røde i fiskekjøttet.  
Vidare var 6 av fiskane gytefisk, resten gjellfisk.  
7 fiskar var angripne av parasittar (måkemark).

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøve-fiskane vil dette gi fram av oppstillinga nedanfor:

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4,2	9,4	15,1	21,9	27,7	34,4	40,3
Årleg lengdetilv., cm	4,2	5,2	5,7	6,8	5,8	6,7	5,9
Antall fiskar	17	17	17	17	10	7	1

Medel kondisjonsfaktor = 1,03 tilseier fisk av god kvalitet.



Vi har her sett opp ein vekstkurve for auren i Stora Mosvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år). Som vi her vil sjå, syner auren i Stora Mosvatnet ein særskilt god lengdetilvekst og syner ingen vekststagnasjon fram til 7 års alder. Det er ikkje sett opp nokon vekstkurve for rovra, men det er grunn til å tru at veksten her er minst like god som for auren.

### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsrikt og eit vatn der tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon.

Dei kjemiske tilhøva er gode og p.g.a. ei relativt bra "bufferemna" blir vatnet lite og ikkje påverka av sur nedbør.

Botnprevene, saman med planktonprøver og fjæreplukk, tyder på ein rik og allsidig fauna der mange verdfulle næringsdyr var representerert.

Omfar- og cm-inndelinga syner at der er fisk av ymse årgangar og storleikar.

Som kjent er det nedslagsfeltet som spelar ei vesentleg rolle når det gjeld næringsdyrproduksjon, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg, og som vil koma vatnet til gode. Dette vil gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Stora Mosvatnet er bra i så måte og gir grunnlag for ein rik fauna. Fylgjeleg får vi eit høgproduktivt vatn, og då der er både aure og røyra i vatnet, blir næringsforrådet godt utnytta. Auren ernærer seg som kjent for det meste med botndyr medan plankton er den viktigaste føda for røyra.

Då der er mykje stingsild i vatnet, er dette ein god "matfisk" for auren og også for den større røyra. Ein vil ofte finna stor fisk i vatn med stingsild, men stingsilda er mellomvert for måkemarken. Fisken vi fekk var av god kvalitet, noko som tyder på at fiskebestandet i dag er bra avpassa næringsforrådet. Ca. 1/4 av fangsten var aure - resten røyra. Dette tyder på at auren har tapt terreng i heve til røyra, noko som er nokså vanleg i vatn der desse fiske slaga fins i blanding.

Gytetilhøva for auren er heller ikkje fullgode. Tilsigsbekkene er for det meste små, og det er som regel berre frå vatnet og nokre meter oppover som eignar seg for gyting. Beste gytebekken er truleg mellom Storamos og Holmavatnet.

### Praktiske tiltak.

Det fyrste ein må gjera, er å skipe til eit grunneigarlag for Storamos, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna står på.

Straks grunneigarlaget er etablert, må vatnet åpnast for sportsfiske med stang og mot løysing av fiskekort. Garnfisket må fullt

ut vera tillagt grunneigarane og dette må avpassast den sansynlege avkastinga. Førebels må ikkje fiskast med garn mindre enn 22 omfar. Dette for at ikkje småfisken skal bli for hardt skatta.

Kor stor avkasting kan så Storamos gi? Vi har her lite å halda oss til, men ut frå næringsforrådet å döma, skulle ein kunna ta ut ca. 15,0 kg pr. hektar og år. For heile vatnet vil den årlege, samla vakastinga då bli 2 250 kg.

Dette talet kan ein gå ut frå førebels og slik at grunneigare fordele "kvoten" på dei ymse fiskeberettige bruka. Vidare må alle som fiska føre statistikk over antall oppfiska kilo. Etter nokre år vil ein så med større sikkerheit kunna fastsetje eit høvande, årleg avkastingstal.

Etter det folk på staden kan fortelja, vart det for nokre år tilbake drive eit hard fiske etter røyr, med den fylgle at røyrbestandet gjekk sterkt tilbake. Då vatnet var overbefolka den gongen, var det heilt rett å驱va denne utfiskinga, men ein kan sjølv sagt ikkje fortsetje med eit så hardt fiske. Den gongen var det mange årsklassar som vart oppfiska - i dag er tilhøva meir normale og det er berre den årlege tilveksten som må haustast.

Av lokalkjente folk har det vorte hevd, at stingsilda har auka sterkt på i dei seinare åra. Grunnen til dette er truleg den, at aurebestandet i dei siste åra har vore i minste laget, slik at stingsilda ikkje har vorte hardt nok skatta.

For å få meir balanse mellom fiskeslaga aure og røyr, og for å få nytta meir av det næringsforrådet som stingsilda representerar, vil vi tilrå at det blir sett ut ca. 1000 settefisk av aure pr. år over ein 3-års periode. Denne settefisken kan med fordel fangast i bekken mellom Storamos og Litlamos, og då om hausten ved hjelp av Elektrisk fiskeapparat.

Vidare må auren få fred på gytebekkene om hausten, då dette er viktig for ei tilfredstillande rekruttering.

Då der er store mengder ål i Storamos, må grunneigarlaget nyttiggjera seg denne. Ålen betalast i dag med ca. kr. 14.00-15.00 pr.kg. Ved å montere ei ålefelle (ålemér) på ein høvande stad på utfallsbekken vil ein kunne fanga all utgangsål. Det er som kjent om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Storamos høyrer så absolutt til dei meir høgproduktive fiskevatna, så alt må gjerast for å驱va vatnet på beste måte. Ved å gjennomføra dei tiltaka som her er peika på, og ved å starte eit grunneigarlag, trur vi vatnet vil bli utnytta på den mest tenleg måte. Underskrivne vil vera hjelpesam med å setja dei påpeika tiltaka ut i livet. Stavanger den 23. juni 1976

Rogaland Skogselskap  
Einar Berg